

Villreinutvalet for Nordfjella

KALVETELJING I NORDFJELLA VILLREINOMRÅDE SONE 2 DEN 24. JUNI 2023

Fly: Helikopter
Flygar: Fonnafly
Foto: Knut Fredrik Øi
Logg: Knut Fredrik Øi
Hjelpearar: Erling Nesbø og Kristoffer Ullern Hansen (SNO)
Flytid: 1 time og 37 minutter

Ver- og teljetilhøve: Sol, varmt og gode forhold. Mykje snø i fjellet, dyra vart funne på snøfenner. Utgangspunkt for flyginga var Aurlandsvangen.

Metode: Oppdragsgivar for helikopterteljinga var NINA. Med bakgrunn i arbeidet med kvalitetsnorm for villrein, har NINA fått midlar av Miljødirektoratet til å gjennomføra kalveteljingar. I Nordfjella er det fleire dyr med GPS-sendarar. Desse er merka av Miljødirektoratet/SNO i samband med CWD-arbeidet. SNO v/Kristoffer Ullern Hansen var med på teljinga. Bileta frå teljinga er sendt til Roy Andersen (NINA/Norsk villreinsenter nord), som formelt skal telja opp flokkane og leggja tala inn i Hjorteviltregisteret. Tala i tabellen under er laga av Øi, og små avvik frå tala til NINA vil kunna førekoma. Under kalveteljinga vart det funne 237 dyr. Tala må difor tolkast i lys av at ein forventar mange fleire dyr i villreinområdet enn det som vart funne. Til samanlikning vart det under kalveteljinga i 2022 funne to flokkar på om lag 200 dyr, og kalvetalet i dei to flokkane var henholdsvis 27 og 53 kalv per 100 simle/ungdyr.

Utgangspunktet for leitinga var GPS-posisjonar frå 1 bukk og 4 simler. Bukken hadde sendt frå same punkt i om lag ei veke, og synte seg å vera daud. Klave og kjeve vart henta frå denne, prøve for CWD var ikkje mogleg å ta ut. Alle dei merkte simlene var i same området på det tidspunktet kor fostringsflokken vart fotografert. Flokken vart funne nord om Bendikshaugane. I tillegg vart ein bukkflokk funne og fotografert på vestsida av Tarven.

Klavar involvert i teljinga:

- Bukk 32930B: var daud. Klave og kjeve henta ut.
- Gul klave på bukk i Tarven, sender ikkje, ukjent id.
- Merka simler i området kor fostringsflokken vart fotografert: 30278B, 14, 30274B, 32934B.

Resultat:

Nr.	Stad	Bilde nr	GPS-posisjon	Bukk 2	Simle/ungd	Kalv	Totalt
1	Bendikshaugane	NF1	32 V 408530 6733476	17	125	65	207
2	Brattefonni/Tarven	NF2	32 V 399267 6739438	30	0	0	30
	Total			47	125	65	237

Teljeresultatet tilseier **52,0 kalv pr. 100 simle/ungdyr** i Nordfjella sone 2 i 2023.

Aurland, den 27.06.2023


Knut Fredrik Øi
Aurland Fjellstyre



Fostringsflokken ved Bendikshaugane



Bukkeflokken ved Tarven



Sporlogg